




PÅ FYLKESTINGET!



**ARBEIDSPRINSIPP OG PROGRAM for:
RAUD VALALLIANSE I SOGN OG FJORDANE
FYLKESTINGET 1987**

„KAN HENDE DET GJELDER Å REDDE VÅR JORD...“

RV er etterkvart blitt det einaste partiet som held fast på at eit grunnleggjande nytt samfunn må til for å løyse dei verkeleg store politiske problema:

- den økologiske krisa
- svoltkatastrofane
- trugsmål om eit kjernefysisk ragnarok

RV meiner at det ikkje nyttar å flikke på eit system der kapitalkreftene har den eigentlege makta.

Derfor seier RV sosialisme:

- eit reelt folkestyre der kapitalistklassen er avsett
- ein heilskapleg plan for produksjonen og
- ein politikk innretta på folk sine behov og omsynet til naturressursane.

Dette grunnsynet vil prege den praktiske politikken vår i fylkestinget. Vi vil tenkelangsiktig på alvor, og ikkje avgrense oss til budsjettperiodar eller utviklinga fram til neste val. Det er det mange nok parti frå før på fylkestinget som gjer.



- REPRESENTANTAR ER ANNLEIS!

I den siste valperioden har RV hatt 2 kommunestyrerepresentantar i Vågsøy, 1 i Høyanger og 1 i Førde. Desse representantane har utmerka seg ved å:

- føre å ta opp saker der andre held munn
- konsekvent forsvare arbeidsfolk og økonomisk svakstilte grupper
- vere talsrøyr for og samarbeide med interessegrupper og aksjonar utanfor kommunestyret.
- ta opp saker som andre parti har sett som uvedkommande
- stå ved program og utsegner frå før valet
- ta vervet sitt på alvor og vere dei best førebudde og mest aktive i kommunestyret

Ein RV-representant på fylkestinget vil vidareføre denne arbeidstilen.



PÅ FYLKESTINGET:

Toppolitikarane og fylkesbyråkratane syner ei påfallande interesse for egne løns- og arbeidsforhold. Hopperstadutvalet har t.d. utreda korleis dei politiske toppverva skal bli høgtløna stillingar - medan t.d. hjelpepleiarar spring beina av seg for 80.000.- i året.

Fylkesordføraren sine episodar med rein sjølvtekt er neppe enkeltstående tilfelle. Men det rådande kameraderiet blant politikarane er så tverrpolitisk og massiv at ingen torer å seie frå.

Fylkestinget er i stor grad gjennomsyra av middelaldrande menn sine holdningar. Det er t.d. bunde opp millionsummar til forprosjekt for nytt fylkesbygg - medan gamle arbeidsfolk må leve sine siste år under uverdige forhold på 4- sengsrom kringom på sjukeheimane.

Omsorgsverdiane er lite verdt for gubbeveldet på fylkestinget!

Vil du at slike forhold skal fram i lyset, er RV skapt for jobben!

RV vil vidare kjempe for at fylkestinget:

- forsvare fylket sine interesser
- og ikkje administrerer staten sin nedskjeringspolitikk
- bruker tida på saker som er viktige for folk flest
- bruker eit språk som folk forstår

Men då må RV inn på fylkestinget!

Ei stemme på kva som helst anna parti er ei stemme på noko vi alt har.

Ei stemme til RV er ei stemme for nye taktar på fylkestinget.

Nye kostar feiar best !

Det forutset di stemme !

PROGRAMDEL

Raud Valallianse i Sogn og Fjordane Fylkestinget 1987

I denne faldaren legg vi berre fram det som er **RV** sine spesielle standpunkt på nokre viktige områder. Dette er saker som det vil stå strid om i det komande fylkestinget eller som **RV** ynskjer å skape debatt om.

Meir omfattande og detaljerte standpunkt finst i **RV** sitt landsprogram



DISTRIKTSPOLITIKK

RV meiner at spreidd busetnad gir både betre trivsel, rikare kulturliv, betre ressursutnytting, mindre forureiningsproblem og betre forsvarsevne.

På tross av utkantproblema, har Sogn og Fjordane umistelege verdiar å ta vare på.

Men ein ny sentraliseringsvind bles over Utkant-Noreg.

Bygdeutvalet si innstilling legg opp til ein politikk for billegare "drift" av distrikta ved regionvis sentralisering.

Her i fylket har vi fått eit ekko frå Bygdeutvalet med namnet "Sogn og Fjordane mot år 2000". Dette er ein rapport som slår til lyd at bygdebyane må vekse seg store og konkurransedyktige på bekostning av småbygdene.

RV meiner at viss "Sogn og Fjordane mot år 2000" blir gjennomført, så vil vi eigentleg ikkje lenger ha noko Sogn og Fjordane i år 2000. I staden vil vi få 2 - 3 større pressområde der folk står overfor dei typiske byproblema: Bustadmangel, rotløyse og sosiale tilpasningsvanskar. Denne utviklinga er alt synleg i Førde.

Planane legg vidare opp til utstrakt pendling til arbeidsplassar i regionsentra. Men mannlege planleggjarar planlegg for mannleg arbeidskraft. Kvinner med omsorgsansvar kan ikkje pendle i timevis kvar dag!

RV vil ha kvinneperspektivet i sentrum i all offentleg planlegging i fylket.

I staden for å auke tilflyttinga til regionsentra endå meir vil **RV** arbeide for levedyktige lokalsamfunn, der spesielt forholda blir lagt til rette for at kvinner får fullverdig og sjølvstendig levegrunnlag.

Utån kvinnene stoppar bygdene !

- Fullverdig og desentralisert barnehagetilbod, og utbygging av fritidsheimar i alle kommunar.
- Kraftig utbygd offentlege omsorgstilbod til dei eldre i nærmiljøet.
- Full yrkesstatus for kvinner i jordbruket.
- Alle kommunar må stillast likt ved nyetableringar
Ingen fortrinnsrett til Førde.
- Meir bevisst styring av offentlege støttemidlar til utkantane i fylket.
- Overføringane til jordbruket må aukast og spesielt rettast inn på å redde jordbruket i utkantane.
- Inntektsjamstelling mellom bonde og industriarbeidar i handling – ikkje berre ord.
- RV vil prioritere at alle bygder og grender i fylket blir knytte til omverda med vegutløysing og/ eller rutesamband.



HELSE- OG SOSIALPOLITIKK

RV meiner at mange av dei verkelege årsakene til helsemessige og sosiale problem ligg i forholda folk lever under, både i arbeid og fritid, kort sagt: Samfunnsforholda.

RV meiner difor at den største innsatsen frå helsevesenet må vere førebyggjande. I dag dominerer tvert om reparasjonsfunksjonane fullstendig.

Dei mest grunnleggjande helsepolitiske sakene burde vere:

- kampen mot sentralisering og nedlegging av arbeidsplassar
- kampen mot alle typar skadelege arbeidsmiljø; skiftarbeid og arbeidsmiljø prega av prestasjonskrav og trakassering.
- kampen mot menneskeleg isolasjon og framandgjering.
- kampen mot privat kvinne- og barnemishandling.
- kampen for 6- timars normalarbeidsdag.
- kampen for å styrkje trafikkisikringa.
- kampen for ein restriktiv alkoholpolitikk og mot utbreiing av narkotika.

RV vil ha desse sakene inn på sakskartet i fylkestinget og i helse- og sosialutvalet.

I dag rår det ei uforpliktande semje om at primærhelsetenesta må styrkjast. Samtidig opplever vi ei klar innstramming frå skiftande regjeringar for å redusere offentlege utgifter. I staden for å godta desse rammene vil **RV** kjempe for at:

- Fylket føretek ei utgreiing for å finne svar på kor mykje t.d. heimesjukepleien og heimhjelpsordninga må byggjast ut for å møte det aukande hjelpebehovet blant eldre. Rekninga for å dekke dette behovet må presenterast for Sosialdepartementet.
- Fylkeskommunen må stø økonomisk opp om oppretting av eigne senil dement avdelingar ved alle sjukeheimane.
- Forsøksprosjekt med integrering og desentralisert eldreomsorg i staden for storinstitusjonar og generasjonsghettoar.
- Psykiatriplanen må gjennomførast utan meir trenering frå fylkesadministrasjonen.
- Ingen tukling med lokalsjukehusa !
- Fylkeskommunen må opprette og drive krisesenter i alle 3 regionane i fylket.
- Nei til Virmonopol i Sogn og Fjordane !

Fylkeskommunen er mellom dei største arbeidsgjevarane i fylket og utmerker seg med ein særsmåleg personalpolitikk. Sjølv om **RV** på fylkestinget formelt vil vere på arbeidsgjevarsida, vil vi satse på å vere dei tilsete sitt talerøyr - "Arbeidarrepresentanten i bedriftsstyret".

RV vil arbeide for:

- Fylkeskommunale barnehagar ved alle sjukehusa.
- Personalbustadar ved fylkesinstitusjonane.
- Høgare løn for pleiepersonalet når arbeidspreset aukar på grunn av udekkja stillingar.
- Sogn og Fjordane som forsøksfylke for 6-timarsdag i helsesektoren.

RV støt utviklinga med omsorg i nærmiljøet. Men denne omstillinga skjer utan at staten gjer kommunane økonomisk i stand til å løyse dei nye oppgåvene. Tvertimot; rammefinansieringa gjer at omsorgstrengjende innanfor HVPU, psykiatri og eldreomsorg blir sett opp imot kvarandre.

RV går inn for auka overføringar og gjeninnføring av eyremerka tilskott.

Eigenandelane må fjernast.

Styrke offentlig utbygging er det beste middel mot privatisering.



ENERGI OG MILJØPOLITIKK

Energipolitikken i Sogn og Fjordane er prega av holdningar av typen:

" Alt vatn som ikkje renn i røyr er verdiløst. "

Også frå statleg hald er det no vedgått at det ikkje er kraftkrise i Noreg. Utbyggingskåte kraftpolitikkarar frå fylket er dermed eit viktig argument fattigare.

Det dei no står att med er eit påstått omsyn til arbeidsplassar og eksportinntekter.

Men iveren etter at akkurat vassdrag skal sikre sysselsetting og inntekter er like fantasiløst som korttenkt.

Fylket har t.d. ein av dei mest verharde regionane i landet.

Kvifor så lite interesse for utvikling av:

- Vindkraftverk (på Stadtlandet ?)
- Bylgjekraftverk langs kysten
- Energiøkonomisering

Tilhengarane av vasskraftutbygging synest først og fremst å bli styrt av behovet for raske pengar - og sist av omsynet til komande generasjonar.

RV står fast på:

- Støtte til og samarbeid med miljøvernørsla
- Vern om Gaula
- Berg Breheimen
- Ein fortvila kommuneøkonomi kan ikkje retteferdiggjere overgrep mot naturen som ettertida må betale.
- All vidare kraftutbygging er eit trugsmål mot Sogn og Fjordane sitt særpreg.

RV vil ha miljøpolitikken inn på fylkestinget i langt sterkare grad enn i dag.

Medan fylkestinget brúker ein heil dag på å tilgje ein eigenrådig fylkesordførar sine lovbrøt, skjer det større ting som synest uviktige for fylkestinget.

- **Atomgjenvinningsanlegget i Dounreay er under planlegging**
- **Sur nedbør trugar vassdraga og skogane våre dramatisk**
- **Atomvåpen og kjernekraftulukker trugar også folk i Sogn og Fjordane.**

RV vil vidare rette søkelyset mot:

- **Forureiningane frå industrien:**

Smelteverksindustrien i fylket er t.d. på landstoppen i giftutslepp.

- **Forureiningane frå jordbruket:**

Jordbruksproduksjon utan bruk av kjemikalier, kunstgjødsel og antibiotika må stimulerast.

- **Meir forskning og strengare restriksjonar på tilsetningsstoffa i matvarer.**

- **Kloakkforureining:**

Ingen dispensasjon frå påbodet om renseanlegg ved alle offentlege kloakkanlegg.

- **Søppelhandsaming:**

Stopp utbygginga av forbrenningsanlegg.
Sortering for gjenbruk ved alle bossanlegg.

Politikarar med økonomiske skylappar kallar miljøvern for dyre investeringar. Men ei øko - krise av langt andre dimensjonar enn den vi ser i dag, kan bli ein ubetaleleg blåmandag, om ikkje utviklinga blir snudd.



KULTURPOLITIKK

RV meiner at kulturen har ei avgjerande rolle i å styrkje identiteten og sjølvkjensla til folk. Kunst og kultur er såleis ein livsnødvendig del av tilveret.

RV vil ha kulturell og kunstnarleg fridom, og vi stør den delen av den kulturpolitiske målsetjinga som seier at fylkeskommunen vil byggje på prinsippa om åndsfridom og kulturell toleranse. Auken av innvandrarak med anna kulturell bakgrunn set store krav nettopp til desse prinsippa. Men det er sjølvmotseiande når den same målsetjinga slår fast at det kristne verdisynet framleis skal vere ei rettesnor i kulturpolitikken !

- RV vil kjempe mot staten sin rasistiske innvandringspolitikk. I staden vil vi ha ei opa dør for asylsøklarar og innvandrarak. I eit fylke som strevar med å halde folketallet oppe, burde alle nye innbyggjarar vere ekstra velkomne.
- RV vil kreve oppretting av eigen flyktningesekretær.
- RV vil forsvare det humanistiske menneskesynet og det vitenskaplege verdsbiletet og er såleis imot kristen formålsparagraf i skule og barnehage.
- RV er imot den religiøse forankra undertrykkinga av kvinner, barn og homofile / lesbiske.
- RV vil heller ikkje tillate propaganda for fasisme, rasisme, pornografi eller sadisme.

Fylket må kreve at dei statlege finansieringsordningane vert slik at kunstnarane får råd til å utøve yrket sitt.

Sogn og Fjordane Teater må få dei løyvingane det treng for å drive profesjonelt. Teateret må stimulerast gjennom sakleg kritikk til å våge å ta opp meir kontroversielle emne - også frå lokalmiljøet i fylket.

I massemedia skjer det ei utvikling i retning " VG -journalistikk ". Ein overflatisk, kjapp og sensasjonsprega stil overtek det som burde vere journalistikken si eigentlege oppgåve: Å gå i djupna og gje folk kunnskap om årsakene til det som hender.

I Sogn og Fjordane har vi stort sett vore spart for denne forflatinga. RV vil gjennom debatt og kritikk verne om dette positive trekket.

Profittomsynet raserer eldre bygningsmiljø i fylket. Tradisjonell vestlandsk byggeskikk forfell og blir erstatta av kulturlause betonklossar - ueigna til å skape menneskeleg atmosfære.

RV vil arbeide for at fylkeskulturstyret i langt sterkere grad grip inn for å utvikle fylket sitt særpreg - også bygningsmessig.

- **Kvinnene i fylket har ein rik kulturtradisjon og ei spennande historie.**

Det er viktig for unge jenter si identifisering med bygda og fylket å grave fram dette stoffet og gjere det lett tilgjengeleg.

RV vil kreve fylkeskulturmidlar til kvinneforskning og utvikling av dei særigne kvinnekulturtradisjonane.

Som det einaste " reine " nynorsk fylket har Sogn og Fjordane eit eige ansvar for å verne det nynorske skriftspråket. Den aukande dialektforvirringa som er ei fylgje av meir flytting og såleis større kulturell påverknad utanfrå, styrkjer **RV** sitt krav om eigen målkonsulent i fylket.



UNGDOM OG UTDANNING

Ungdom blir i vårt samfunn sett på som ein utgiftspost og ikkje som samfunnet sin viktigaste ressurs. Difor er ungdom ei av dei gruppene som først og hardast blir råka av nedskjeringar i det offentlege.

RV krev at all ungdom må ha rett til eit meningsfullt liv - enten i form av arbeid eller skulegang.

Dette er også det beste virkemiddelet mot stoffmisbruk og andre sosiale problem.

RV tek sterk avstand frå hetsen om kravstor og tiltakslaus ungdom.

Den vidaregåande skulen utviklar seg mot å bli ein skule, der skilja mellom studieretningane blir fjerna.

RV meiner at denne utviklinga svekkar fagkompetansen og fører til ei utsiling av kven som vil vere sikra arbeid.

Planane går så langt at det openlyst blir lagt opp til å utdanne ungdom til eit liv i arbeidsløyse!
Dette er ei falitterklæring for norsk utdanningspolitikk.

RV seier derfor nei til Veierød - modellen.

Styrk fagopplæringa!

Kraftig auke i overføringane til skulesektoren.

RV går vidare inn for:

- Utbygging og opprusting av dei yrkesretta skulane i fylket. Fleire vidaregåande kurs (VK) I og VK II.
- Eit desentralisert skuletilbod der dei 5 regionane framleis skal stilla likt.
- Større ressursar og fleire rammetimar til dei små skulane.
- Utvida kapasitet og fleire hybelhus på alle skulesentra i fylket.
- Dekka meirromkostnader som reise- og buutgifter for ungdom som må reisa bort for å gå vidaregåande skule.

RAUD VALALIANSE I SOGN OG FJORDANE

Liste til fylkestingvalet 1987

1.	Geir Oldeide,	industriarbeidar,	6700	Måløy
2.	Petrin Eide,	sjukepleiar,	6800	Førde
3.	Einar Rysjedal,	industriarbeidar,	5900	Høyanger
4.	Oddveig Lyngstad,	postaspirant,	6840	Vassenden
5.	Oskar Tenden,	bonde,	6892	Hjelledalen
6.	Elisabeth Haarr,	tekstilkunstnar,	6980	Askvoll
7.	Liv Odde,	attføringskonsulent	6900	Florø
8.	Kristin Błaalid,	industriarbeidar,	6710	Raudeberg
10.	Marianne Åm,	sosionom,	5850	Balestrand
11.	Tom Farsund,	industriarbeidar,	6800	Førde
12.	Solveig Løken,	arkitekt,	5800	Sogndal
13.	Kjartan Hatløy,	industriarbeidar,	5942	Hyllestad
14.	Gjertrud Storvik,	kontorassistent,	6800	Førde
15.	Rein Arne Golf,	bonde,	5890	Lærdal
16.	Bente Sølvsberg,	student,	6795	Blaksøter
17.	Asbjørn Geithus,	lektor,	6860	Sandane
18.	Marit Slettevold,	sjukepleiarstudent	6943	Naustdal
19.	Kari Gravdal.	førskulelærer,	5860	Vik
20.	Siv Kvernevik,	kontorassistent,	6900	Florø
21.	Magnar Falkenstein,	småbrukar,	6960	Svortevik
22.	Eli-Grete Høyvik,	teleingeinør	6800	Førde
23.	Atle Myhre,	lærer,	6980	Askvoll
24.	Ragnhild Hukset,	førskulelærer,	6800	Førde
25.	Gunnar Kjørvik,	teknikar,	6860	Sandane
26.	Kirsti Solheim Stegane	adjunkt	6943	Naustdal
27.	Jørgen Skåre,	bonde,	6892	Hjelledalen
28.	Inger Myklebust,	sjukepleiar,	6800	Førde
29.	Ralf Einar Johannesen	hjelpepleiar	6900	Florø
30.	Gro Naustdal,	elev,	6943	Naustdal
31.	Erik Halvorsen,	lektor,	5840	Hermansverk
32.	Ranveig Løken,	elev,	5800	Sogndal
33.	Kjell Oldeide,	industriarbeidar,	6710	Raudeberg
34.	Hildegunn Landøy,	ekspeditør,	6800	Førde
35.	Magnar Juklestad,	lærer	6853	Årdal i Jølster
36.	Kjersti Kjelkenes Steinset	barnehageass.	6932	Kjelkenes
37.	Fritjof Urdal	kulturarbeidar,	6900	Florø
38.	Tormod Flatebø,	personalkonsulent,	6800	Førde
39.	Rolf Vårdal,	lærer,	6982	Holmedal
40.	Åge Eitungjerdet,	sjukepleiar,	6800	Førde